



Uskedelingar på internasjonal julefest: Monika(frå høgre.), Agnieszka, Hanna og ei venninne frå Herøysundet.

**Tirsdag kveld arrangerte Vaksenopplæringa den tradisjonelle julefesten sin for elevar og familiar. Det vart ei ubeskriveleg flott feststund med barn og vaksne frå minst 13 nasjonar. Også eit knippe uskedelingar fekk oppleve denne fine festen.**

Festen inneheldt alt eit godt samansett festprogram skal ha. Svært gode underhaldningsinnslag med imponerende breidde, og eit bugnande matbord med så mange gode og varierte smakar som ein berre kan oppleve på ein internasjonal fest. Kakebordet var av same klasse. Innimellom runga allsongen i festsalen i Kulturehuset, og avslutningsvis nådde julestemningen toppunktet då det var gang rundt juletreet.

Nissen var også med. Ingen ringare enn Børstdalsnissen dukka opp. Han er tydelegvis svært travel for tida. På julegrantenninga i Uskedalen var han på plass, og i går altså på Husnes. Det verkar som han er like populær blant alle nasjonalitetar som blant uskedelingane. Både born og vaksne sette pris på den koselege syngande nissen.

Tre uskedelingar var mellom dei vel 120 gjestene på festen. Det var 4 år gamle Hanna, som var saman med mor Agnieszka og tante Monika. Hanna er fødd i Uskedalen, medan søstrene Agnieszka og Monika har flytta hit frå Polen.

Magne Fitjar har dekkja festen på ein framifrå måte så derfor kan de lesa meir om den på [Husnesnett](#). Der er også fleire fine bilete.



Børstdalsnissen - like populær over alt. Hanna frå Uskedalen til høgre på bildet.

Av: Thor Inge Døsland